



Elektromontører klare for "utrykning" frå Børnes på morgonkvisten: Egil Heimvik, Lars L. Øyjord, Endre Teigen og Knut Martin Hass.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Uskedalen er ein ideell stad å ha "base" både for oss fire og for firmaet. Dette er jo det mest sentrale punktet i Kvinnherad.**



Egil Heimvik, Lars L. Øyjord og Endre Teigen ved etableringa på Børnes sist sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Det er dagleg leiar for Kvinnherad Byggutvikling og Elektroservice Lars L. Øyjord som slår dette fast for uskedalen.no åtte månadar etter Uskedalen fekk sitt første elektrofirma - på Børnes industriområde. Og enda meir gledeleg er det at dei fire unge elektromontørane som utgjør firmaet (gjennomsnittsalder 28 år!) har nok å gjera!

Øyjord (eldstemann på 30) bur i Rosendal, Egil Heimvik (27) i Uskedalen, Endre Teigen (28) på Husnes og Knut Martin Hass (28) i Omvikdalen. Medan Øyjord, Heimvik og Teigen var med frå etableringa i Uskedalen i juni slutta Hass seg til 1. august. No skal dei søkja etter lærling og har også planar om å søkja etter eigen tømrar..

Firmaet var før etablert i Rosendal og Omvikdalen og overtok 2,2 dekar på Børnes frå Bogsnes Marine (Holmedal). Der stod huset som Haavik Bygg reiste for 20 år sidan samt ein rubbhall – med ei samla grunnflate på 400 kvadratmeter. No har kvartetten innreia isolert lager og kontor og det er berre ein port som manglar. Rubbhallen er utleigd og uteområdet skal pyntast opp så snart eit gravemaskinfirma får tid.

Dei fire satsar ikkje berre på elektromarkedet, dei har også flisleggjing og total-leveransar til bad på programmet. Dei skal selgja våtromutstyr og elektrovarer direkte frå Børnes når dei kjem heilt i orden der. I huset skal dei innreia eit bad som i tillegg til vanleg bruksbad også skal vera eit utstillingsbad.

Øyjord oppsummerer utviklinga med omsyn til oppdrag så langt:

- Medan vi i 2007 hadde ein omsetnad på 2,2 millioner kroner vart omsetnaden i 2008 meir enn fordobla – til 5,2 millionar - og vi budsjetterar med 5,5 millionar no i 2009.

Vi har bra med oppdrag fram til sommaren både i Kvinnherad og ved Sørfjorden. I Kvinnherad har vi mellom anna installasjonar ved eit småkraftverk på Alsaker i Åkra og fire total-leveransar av bad til privathus. Ytterlegare to småkraftverk på Reisetser og Måge i Nå står på oppdragslista, men det største oppdraget er i Odda. Det går ut på totalrenovering av 44 leilegheiter i ein blokk og førebels er 10 av dei fullførte. Der kjem vi til å halda på over sommaren.

- Og framleis har ikkje firmaet satsa på marknadsføring?

- Nei, marknadsføringa har så langt hatt eit nærmast minimalt omfang.

- Kva med utviklinga framover, med finanskrisa og det heile?

- Førebels kan vi ikkje sjå spesielle skjær i sjøen og er optimistar, men vi har jo registrert at det har vorte litt færre oppdrag og særleg då etter ferien.

I denne situasjonen er det ein fordel å vera relativt små.

- Og så går det rykte om satsing i Kina...

- Ja, eg skal no til Xiamen saman med ein forretningspartner fordi vi skal starta import av skifer, granitt og fliser av ymse slag!

Av Ola Matti Mathisen



Innreiinga av huset på Børnes er så å seia fullført. (Foto: Ola Matti Mathisen)